

Dovre Kyrkjelege Råd

2662 Dovre

Dovre 13.april 2009

Kultur- og kirkedepartementet
Postboks 8030 Dep

0030 Oslo

Pilegrimsmotivet som nasjonal satsing – høyringsmerknad frå Dovre Kyrkjelege Råd

Dovre Kyrkjelege Råd har handsama nemde rapport i møte 14.april 2009. Rådet sluttar seg til høyringsuttala frå Dovre Kommune, handsama i Dovre Kommunestyre 20.mars 2009.

Dovre Kyrkjelege Råd ynskjer å trekkje fram den lange tradisjonen som kyrkja i Dovre har med pilegrimsarbeid, mellom anna som arrangør av *Pilegrimsdager på Dovrefjell* som har vore eit årvisst arrangement sidan 1995. Dette arrangementet er frå 2008 plassert på dato, slik at vi har samordna det med den nasjonale vandringa frå Oslo til Trondheim som er koordinert av Pilegrimspresten i Nidaros. Vi har også etablert eit godt samarbeid med kyrkja i Oppdal, og dette har styrka Pilegrimsdagane som regionalt/nasjonalt arrangement.

Dovre Kyrkjelege Råd ser svært positivt på forslaget om eit regionalt pilegrimssenter i Dovre og ynskjer å ta del i den satsinga på pilegrimsarbeidet som det no vert lagt opp til. Rådet har i fleire somre sørga for at Eysteinkyrkja har vore open for vegfarande, både pilegrimer og «bilegrimer».

Med vennleg helsing

Ann Christin Vole, fungerande leiar
Dovre Kyrkjelege Råd

Kopi:
Dovre kommune
Pilegrimsutvalget i Oppdal